



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
24.06.2014
Dykkar dato
23.04.2014

Vår referanse
2014/3849 634
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Orientering om midlar til vidareutdanning for lærarar - Studieåret 2014 - 2015 - Kompetanse for kvalitet - Kap 226

Vi viser til søknad frå Lindås kommune om midlar til vidareutdanning under strategien «Kompetanse for kvalitet», brev frå Utdanningsdirektoratet til skuleeigarane datert 01.02.2014 og 17.03.2014.

Dette brevet er ei orientering om kva midlar Lindås kommune kan planleggje ut frå.

Lindås kommune	
Vikar- og stipendmidlar til utbetaling hausten 2014	982 500
Studieavgift til utbetaling hausten 2014	0
Vikar- og stipendmidlar til utbetaling våren 2015	982 500

Planlegging

I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2014 er det lagt fram forslag om å utvide ordninga med 500 nye studieplassar. Desse plassane ligg inne i det totale talet lærarar som får tilbod. RNB vert handsama i Stortinget den 20. juni og Fylkesmannen må av formelle grunnar ta atterhald om Stortingsvedtaket. Fylkesmannen vil snarast etter 20. juni sende melding til skuleeigarane dersom handsaminga av BNP skulle føre til endringar.

Skuleeigar må formidle melding om alle tildelte plassar vidare til lærarar og skular slik at det vert mogleg å setje dette i gang frå hausten 2014.

Fylkesmannen vil likevel be om at skuleeigarane planlegg for at det vert løyvd midlar til desse plassane.

Oversyn over tilbod

Oversyn over kven som har fått tilbod om å delta i stipend- eller vikarordninga fins i søke- og oppfølgingssystemet «Videreutdannng for lærere 2014»

- Lærarane som har fått tilbod om å delta i ordninga står oppført med status «Innstilt til tilbyder». Dette gjeld både deltakarar på frikjøpte og på sjølvvalde studietilbod. Vi minner elles om at dei som skal delta i ordninga og nytte sjølvvalde/ordinære tilbod, i

tillegg er bedne om å søkje UH-institusjonen om opptak på ordinært vis. Dette må skuleeigar sikre.

- Lærarar som er godkjent av skuleeigar, men som ikkje har fått tilbod om å delta i stipend- eller vikarordninga, står oppført med status «Ikkje fått studieplass». Det skal ikkje tildelast midlar til vidareutdanning for desse.

Kontroll og tilbakemelding

Fylkesmannen ber om at Lindås kommune kontrollerer opplysningane ovanfor. Skuleeigar skal stadfeste til Fylkesmannen at lærarane har teke imot studieplassane og vil nytte dei midlane som er tildelt. Dersom det har skjedd endringar i forhold til opplysningane ovanfor, så send melding om dette.

Tilbakemeldinga må vera underteikna av skuleeigar.

Vi ser helst at de nyttar elektronisk tilbakemelding, men då må de leggje ved skanna dokument med skuleeigar si underskrift. Vis til saksnummer 2014/3849.

Elektronisk tilbakemelding skal sendast til fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Særskilt om stipend

Skuleeigar skal utbetale stipendet til læraren. Stipendet kan vere skattepliktig når det overstig kostnader som er knytt til utdanninga. Det ligg til lokal likningsmynde å foreta vurdering av eventuell skatteplikt med verknad for den einkilde skatteytar. Informasjon om dette kan ein finne på <http://www.udir.no/stipendordning-skatteregler>

Skuleeigarar som skal utbetale stipend, vil bli belasta med arbeidsgjevaravgift for stipendet. Fylkesmannen utbetaler denne avgifta til skuleeigarane, i tillegg til stipendet.

Vi minner også om følgjande:

- Skuleeigar har ansvar for å dekke kostnader til reise, opphald, læremidlar mv.
- Stipendmodellen legg til rette for at lærarar skal kunne ta seg fri for å studere, men med større personleg og lokalt handlingsrom enn i Kompetanse for kvalitet. Ut over det som er fastsett i lov- og avtaleverk, er det ikkje lagt sentrale føringar for korleis dette kan gjerast i stipendordninga. Det betyr at dette må avtalast lokalt.

Lærar vel sjølv, i forståing med skuleeigar, korleis ho/han vil nytte stipendet, for eksempel som kompensasjon dersom ein tek ut permisjon utan løn, eller som meirinntekt dersom ein vel å studere helt eller delvis på fritida.

Omfang, når og korleis ein eventuell permisjon skal takast ut, skal derfor avtalast mellom lærar og skuleeigar. Det gjeld også spørsmål om kva eventuell permisjon utan lønn vil ha å seie for opptening av pensjon.

- Stipendmidlane vil bli utbetalt til skuleeigar i to omgangar, første gang i haustsemesteret, andre gong når studiet er gjennomført og bestått. Ein føresetnad er at læraren følgjer ein studieprogresjon som oppgitt i søknaden, dvs. slik det er oppgitt i

søke- og oppfølgingssystemet. Dersom ein lærar ikkje gjennomfører eller består studiet, kan skuleeigar søkje fylkesmannen om å få behalde midlane som vart utbetalt ved oppstart. Skuleeigar vil då til dømes kunne bli bedt om å skaffe dokumentasjon på at læraren har delteke på studiet og oppfylt alle obligatoriske arbeidskrav.

- Meir informasjon om stipendordninga er å finne på <http://www.udir.no/stipendordning>
- Skuleeigar skal rapportere på bruk av midlar til vidareutdanning for heile studieåret 2014/15 i første halvdel av 2015.
- Skuleeigar skal sende refusjonskrav for midlar til vidareutdanning for våren 2015 innan 15. mai 2015.

Svarfrist: 15. september 2014

Helsing

Anne Kristin Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.